


IKT-Strategi 2016 - 2019

Me skal nytta informasjons- og kommunikasjons-teknologi på ein innovativ og framtidsretta måte i alle deler av kommunen, både organisatorisk og geografisk, slik at det blir attraktivt for menneske i alle livssituasjonar å bu og arbeida i kommunen.



Innhald

1	Innleiing	4
2	Visjon og overordna perspektiv	4
3	Rammevilkår	5
3.1	<i>Aktuelle lover og andre sentrale styrande dokument</i>	5
3.2	<i>Politiske føringar lokalt</i>	5
3.3	<i>Andre lokale styrande dokument</i>	5
4	Strategisk retning	5
5	Organisering av IKT-tenesta	6
6	Målområde	6
6.1	<i>Informasjonstryggleik</i>	6
6.1.1	Status	7
6.1.2	Mål	7
6.1.3	Effekt mål	7
6.1.4	Strategipunkt	7
6.1.5	Viktige handlingspunkt	8
6.2	<i>Informasjon</i>	8
6.2.1	Status	8
6.2.2	Mål	8
6.2.3	Effekt mål	8
6.2.4	Strategipunkt	8
6.2.5	Viktige handlingspunkt	9
6.3	<i>Kommunikasjon og infrastruktur</i>	9
6.3.1	Status	9
6.3.2	Mål	9
6.3.3	Effekt mål	9
6.3.4	Strategipunkt	10
6.3.5	Viktige handlingspunkt	10
6.4	<i>Intern samhandling</i>	11
6.4.1	Status	11
6.4.2	Mål	11
6.4.3	Effekt mål	11
6.4.4	Strategipunkt	11
6.4.5	Viktige handlingspunkt	11
6.5	<i>Samhandling innan offentleg sektor</i>	11
6.5.1	Status	11
6.5.2	Mål	12
6.5.3	Effekt mål	12
6.5.4	Strategipunkt	12
6.5.5	Viktige handlingspunkt	12
6.6	<i>IKT i undervisninga</i>	12
6.6.1	Status	13
6.6.2	Mål	13
6.6.3	Effekt mål	13
6.6.4	Strategipunkt	13

6.6.5	Viktige handlingspunkt	13
6.7	<i>Velferdsteknologi</i>	13
6.7.1	Status	13
6.7.2	Mål	14
6.7.3	Effekt mål	14
6.7.4	Strategipunkt	14
6.7.5	Viktige handlingspunkt	14
6.8	<i>Elektroniske tenester for innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv</i>	14
6.8.1	Status	14
6.8.2	Mål	14
6.8.3	Effekt mål	14
6.8.4	Strategipunkt	14
6.8.5	Viktige handlingspunkt	14

IKT-strategi

Vedteken av kommunestyret i Vik

3.6.2016, sak 028/16

1 Innleiing

Bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) er eit framtrekande trekk i samfunnsutviklinga, og grip inn i alle tenesteområda til Vik kommune. Vik kommune sin IKT-strategi skal bidra til at satsinga på IKT skjer målretta, koordinert og heilskapeleg på tvers av heile organisasjonen.

Målet med strategien er at Vik kommune på best mogeleg vis skal møte forventningane om betre og tilpassa tenester for innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar, tilsette og politikarar ved å utnytta ressursane på best mogeleg måte. Strategien vil og vera førande for kommunen sine leverandørar av IKT tenester og produkt.

Strategien er ein temaplan i kommuneplanen, og er dermed eit styrande dokument for Rådmannen.

Strategien legg opp til at Vik kommune skal byggja gode og sikre elektroniske tenester der innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar står i fokus. I dette ligg også ei utstrakt satsing på IKT i grunnskulen og ei innovativ satsing på velferdsteknologi. I tillegg er elektronisk samhandling internt i kommunen og med andre offentlege etatar prioriterte område. Strategien legg vidare vekt på å byggja god infrastruktur med fiberbasert breiband i alle deler av kommunen, og satsing på betring av mobildekninga der denne enno ikkje er god nok.

Strategien gjeld for Vik kommune, og skal vera gjeldande fram til og med 2019. Rådmannen legg opp til årleg revisjon for å sikra at strategien til ei kvar tid er oppdatert, særskilt i høve føringar frå andre styrande dokument. Strategidokumentet inneheld også opplisting av viktige handlingspunkt for dei ulike målområda. På målområde 3, kommunikasjon og infrastruktur, er handlingspunkta ei prioriteringsliste for vidare utbygging i kommunen.

Vedtak i kommunereform-saka vil gi føringar for val av strategiar og handlingspunkt, særleg på målområde 4, intern samhandling.

2 Visjon og overordna perspektiv

Visjon:

Me skal nytta informasjons- og kommunikasjons-teknologi på ein innovativ og framtidsretta måte i alle deler av kommunen, både organisatorisk og geografisk, slik at det blir attraktivt for menneske i alle livssituasjonar å bu og arbeida i kommunen.

Vik kommune si satsing på IKT skal vera heilskapeleg og målretta. Kommunen skal både ta i bruk ny teknologi og vera ein aktiv samarbeidspartnar i ulike fora for å utvikla ny teknologi til bruk i kommunal sektor.

3 Rammevilkår

3.1 Aktuelle lover og andre sentrale styrande dokument

Ei rekkje sentrale lover, forskrifter og andre styrande dokument gjeld for fagområdet. Desse retningslinene vil i nokre tilfelle avgrensa handlingsrommet for bruk av IKT. Her følgjer ei ikkje uttømmende liste over dei mest sentrale føresegnene:

- Personopplysningslova med forskrift
- Offentleglova med forskrift
- Arkivlova
- Regnskapslova
- Tenestemannslova
- Åndsverklova
- eSignaturlova
- Opplæringslova
- eForvaltningsforskrifta
- Datatilsynet «Veileder i sikkerhets arkitektur»
- Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM): «Veiledning i risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS).
- Hvitvaskingsloven
- Stortingsmelding nr 17 (2006-2007), IKT-meldingen
- Stortingsmelding nr 19 (2008-2009), Forvaltningsmeldingen
- KS strategi og handlingsplan, «eKommune 2012 Lokal digital agenda»

3.2 Politiske føringar lokalt

Kommunestyret i Vik gir dei overordna retningslinjene for bruk av IKT i Vik kommune gjennom sitt politiske virkeområde. Det meste av desse føringane blir gitt i økonomiplan eller deligert til rådmannen gjennom delegasjonsreglementet. I tillegg blir føringar gitt gjennom planarbeid og handsaming av «ukurante» saker som gjeld IKT. Døme på styrande dokument utover økonomiplan og delegasjonsreglement er sak 019/13 «Fiber til bygdene i Vik - prioritering av dekningsområde».

3.3 Andre lokale styrande dokument

Kommunen har gjennomført IKT-revisjon i 2015 og etablert IKT-tryggleiksreglement med tilhøyrande organisasjon og dokumentstruktur, vedlegg 1. Alle retningsliner, prosedyrar og reglement rundt IKT er samla i kvalitetssystemet til kommunen, Compilo.

4 Strategisk retning

Informasjonsteknologi er eit verkemiddel som medverkar til å realisera kommunen sine mål. Vik kommune vil gjennom bruk av IKT gjera kommunen meir tilgjengeleg for tenestemottakarane og samtidig effektivisera drifta. For at både tilsette og tenestemottakarar skal bli fullverdige deltakarar i informasjons- og kunnskapssamfunnet skal Vik kommune leggja til rette for digital kompetanse både gjennom tenesteproduksjon og tenesteleveranser.

Bruk av moderne informasjonssystem gjer kommunen til ein meir attraktiv arbeidsplass for våre tilsette, og dette blir eit hjelpemiddel i arbeidet med å rekruttera og beholda kvalifisert personale. Ein godt

utvikla informasjons- og kommunikasjonsteknologi er ein føresetnad for å levera meir tilpassa tenester av betre kvalitet, og meir direkte informasjonsutveksling med tenestemottakarane. Integrasjon av system, konsolidering av, betre tilgang til og gjenbruk av data gjer at administrative funksjonar kan bli meir effektive.

Godt utbygd breibandstilbod i heile kommunen gjer det mogeleg å ta del i både det offentlege og det private, digitale tenestetilbodet frå alle kantar av kommunen. Tilbod om fiberbasert breiband gjer det mogeleg med gode heimekontorløysingar, og dette gjer at arbeidstakarar med arbeidsgivarar geografisk plassert langt frå Vik kommune kan busetja seg i kommunen.

Den samla datatrafikken mot internett aukar med ca 40% pr år i høve ferske statistikkar frå Nexia. Godt utbygd høgkapasitet breibandstilbod i heile kommunen er dermed ein føresetnad for busetnad både i dag og i framtida. Vik kommune samarbeidar med IT-forum breiband og Sogn og fjordane fylkeskommune om utbygging av høgkapasitet breiband. I strategien til IT-forum, under oppdatering i 2016, set me som mål at alle skal ha tilbod om minimum 100 Mbit/s synkron internettaksess innan 2020. Det er naturleg med same mål i kommunen sin strategi.

5 Organisering av IKT-tenesta

IKT tenesta til kommunen er lagt til avdelinga «IKT og tenestetorg» i rådmannens stab. Vik kommune er etablert i eit IKT-samarbeid med dei andre Sogn regionråd kommunane og fylkeskommunen. Alle datasentertenester er plassert i datasenteret til Sogn og fjordane fylkeskommune på fylkeshuset. Ansvar for drift og brukarstøtte innan IKT er delt mellom IKT-funksjonen hjå fylkeskommunen og eigne tilsette.

Den strategiske og administrative delen av tenesta er lagt til leiar for avdleinga. I høve reglementet for informasjonstryggleik er rolla som tryggleiks-sjef (inkludert informasjonstryggleik) lagt til leiar for IKT og tenestetorg. Vik kommune har tilsett to IKT-rådgjevarar med ansvar for kommunen sin del av opplæring, brukarstøtte og drift innan IKT. Systemeigarskap for fagsystema er lagt til leiarane for dei ulike fagavdelingane.

6 Målområde

6.1 Informasjonstryggleik


Uttrykket informasjonstryggleik er knytt til følgjande grunnleggjande uttrykk:

- **Fortrulegheit:** tryggleik for at berre autoriserte personar har tilgang til informasjonen, og at den ikkje blir avslørt til uvedkommande.
- **Integritet:** tryggleik for at informasjonen og informasjonsbehandlinga er fullstendig, nøyaktig og gyldig, og eit resultat av autoriserte og kontrollerte aktivitetar
- **Tilgjenge:** tryggleik for at ei teneste oppfyller bestemte krav til stabilitet, slik at aktuell informasjon er tilgjengeleg for autoriserte ved behov

I tillegg til arbeidet med å sikra desse 3 dimensjonane for dei elektroniske systema og tenestene våre, inneheld målområdet også arbeidet med fysisk sikring av tilgang til dokument og utstyr.

6.1.1 Status

I 2015 gjennomførte me IKT-revisjon i høve personopplysningslova med forskrift. I regelmentet for informasjonstryggleik, har me vedteke å oppretta ei rekkje styrande dokument for å ivareta informasjonstryggleiken. Mange av desse dokumenta er utarbeidd alt, men mykje står att. Denne IKT-strategien er det overordna og styrande dokumentet i dokumentstrukturen for informasjonstryggleik:



6.1.2 Mål

Alle våre elektroniske system og alle vår produksjonslokale skal tilfredsstilla alle krav til tryggleik på ein tilfredsstillande måte i høve lover, forskrifter og eigen ROS-vurdering.

6.1.3 Effektmål

Ved å ha tryggleiken i fokus byggjer me tillit blant våre brukarar og tilsette. Dette fremjar bruken av tenestene våre og skapar grunnlag for god samhandling og effektivisering.

6.1.4 Strategipunkt

- Vik kommune nyttar informasjonsteknologi i form av system for elektronisk adgangskontrol for å sikra informasjon i våre produksjonslokale
- Alle nye produksjonslokale skal ROS-vurderast før bygging
- Alle nye informasjonssystem skal ROS-vurderast før kjøpsavtale vert inngått

6.1.5 Viktige handlingspunkt

- Etablere dokumentstruktur i høve reglementet for informasjonstryggleik
- Gjennomføre tiltak for å heve kompetansen rundt informasjonstryggleik i organisasjonen
- ROS-vurdera eksisterande produksjonslokale og etablere adgangskontroll der det er naudsynt for å ivareta informasjonstryggleiken
- Etablere sikker utskrift i alle deler av organisasjonen

6.2 Informasjon

Informasjons-samfunnet vårt er bygt opp rundt informasjon i ei rekkje ulike kanalar som internett, sosiale media, dagspresse, postformidling osv. Kommunen ønskjer å ha ein heilskapleg strategi på korleis me skal nytta desse kanalane.

6.2.1 Status

Kommunen nyttar ei rekkje kanalar for informasjonsformidling; heimeside, facebook-side, brevutveksling både digitalt og fysisk, annonsering i dagspresse, sommar-/vinter-avis, kvalitetssystem compilo, folkemøte og meir. Alle desse kanalane har eit element av informasjonsteknologi i seg.

I 2015 etablerte me ny grafisk profil. Den nye profilen er etablert i alle informasjonskanalane me nyttar ved utvikling av nye malar. Hovudkanal for publisering av elektronisk informasjon og elektroniske tenester er framleis heimesida til kommunen. Facebook-sida vert i tillegg nytta til å lenka informasjon frå heimesida for å nå fleire brukarar. Me publiserer og noko informasjon direkte på facebook-sida. Dette er som regel informasjon av noko meir uformell karakter enn den informasjonen som vert publisert på heimesida.

6.2.2 Mål

Vik kommune skal profilera seg på ein formel, sakeleg, korrekt og heilskapleg måte i alle informasjonskanalar kommunen vel å nytta.

6.2.3 Effektmål

Heilskapleg profilering som ein sakeleg, formel og korrekt organisasjon i informasjonskanalane bidreg til å byggja tillit og godt omdømme. Dette skaper grunnlag for god samhandling og effektiv drift.

6.2.4 Strategipunkt

- Heimesida vår skal vera navet for den elektroniske informasjonsformidlinga. Her samlar me all viktig, publikumsretta informasjon
- Heimesida vår skal vera navet for det elektroniske tenestetilbodet vårt. Alle elektroniske publikumstenester skal vera å finne på heimesida vår
- Vik kommune nyttar facebook-sida aktivt for å spreia informasjon og tenestetilbod
- Vik kommune vurderer kontinuerleg om me skal ta i bruk ny informasjonskanalar
- Vik kommune nyttar dagspressa til annonsering der dette er naturleg
- Vik kommune skal vidareutvikla Compilo eller tilsvarende system som kvalitetssystem og intranett
- Vik kommune møter dagspressa når dei ønskjer det, og me ber om å få møta dei i saker der det er naturleg

6.2.5 Viktige handlingspunkt

- Kvalitetssikra informasjon på heimesida
- Byggja kompetanse rundt bruk av grafisk profil og nye malar
- Byggja kompetanse rundt Compilo
- Etablere og skolere ei redaksjonsgruppe for heimesida og facebookside
- Etablere skulane sine heimesider i same løysing som heimesida

6.3 Kommunikasjon og infrastruktur

Det digitale tenestetilbodet både frå offentlege og private verksemdar gjer det avgjerande for busetnaden at me klarer å byggja høgkapasitet breiband i alle deler av kommunen vår. Statistikkar over internettbruk viser at den samla trafikken over internett aukar med omlag 40% årleg. I dag er fiberbasert aksess den einaste kjente teknologien som gir god nok kapasitet til å levera dei tenestene som eksisterer i dag og samtidig er eskalerbart slik at det kan nyttast i framtida. I tillegg til fiber som hovudsamband er truleg framtida trådløs. Mobil-kommunikasjon er særskilt viktig som supplement til fiber og som hovud kommunikasjonsform dei stadene ein av ulike årsaker ikkje får bygd ut fiber.

6.3.1 Status

I prosjektet "Fiber til bygdene i Vik" har kommunen tidlegare fått statleg støtte til utbygging av Vangsnes og Feios. Status for desse er at Vangsnes, trinn 1, vart ferdig i september 2015. Me har også inngått avtale med Soggenett om utbygging av resten av Vangsnes, trinn 2; Veslehagen-Gotevik. Denne delen av anlegget skal vera ferdig innan 1.9.16. I Feios er Telenor i gang med utbygginga, og anlegget skal vera ferdig seinast i oktober 2016. I høve kommunestyret si prioritering er Fresvik neste delprosjekt som skal byggjast ut. Me fekk ikkje statleg tilskot til Fresvik i 2015, men har valt å lysa ut prosjektet med kommunale og private midlar. Dette er i høve vedteken økonomiplan for 2016 – 2019.

Me vil søkja om statleg tilskot for utbygging av Arnafjord i søknadsrunden for statleg tilskot i mai 2016.

I Vik sentrum har Soggenett bygd ut fiberbasert breiband i store deler av sentrum, og arbeider for tida med utviding mot nord og vest. Dei sentrumsnære områda er rekna som kommersielt lønnsame for leverandørane, og når difor ikkje fram i søknadane om statleg støtte til utbygging.

Når det gjeld mobilkommunikasjon er kommunen bra dekkja dei aller fleste stader, og både Telenor og Netcom er i ferd med å byggja ut sine tilbod over heile landet. Me har utfordringar med dårleg mobildekning, særskilt i Seljadalen og Ovriddalen.

6.3.2 Mål

Innan 2020 skal det eksistera tilbod om synkron internettaksess med minst 100 Mbit/s kapasitet i alle grindalag der det bur fastbuande, og alle fastbuande skal ha tilfredsstillande tilbod om mobilkommunikasjon frå minst ein tilbydar.

6.3.3 Effektmål

Utbygging av denne infrastrukturen er ein føresetnad for at det skal bu folk i alle deler av kommunen i framtida, og utbygginga er med på å oppretthalda og/eller auka folketalet i kommunen.

6.3.4 Strategipunkt

- Vik kommune skal halda fram utbygginga av høgkapasitet breiband. Prioritering av grendalaga blir gjort ut frå lokale omsyn, ut frå kvar det er mogeleg å nå fram med søknader om statleg støtte og vurderingar rundt synergjar ved til dømes utbygging av mobil kommunikasjon. I tillegg legg me vekt på omsynet til samfunnstryggleik der utfordringar med veg, straumforsyning og kommunikasjon gjer Arnafjord og Fresvik særskilt sårbare ved ekstremver, ras og liknande
- Vik kommune samarbeider med leverandørane av mobil kommunikasjon for å sikra tilfredstillande mobildekning i alle deler av kommunen

6.3.5 Viktige handlingspunkt

- Vurdera rammeavtale for utbygging av breiband i resten av kommunen
- Vik kommune held fram utbygginga av breiband og mobil kommunikasjon etter følgjande prioriterte liste:

Område	Planlagt oppstart	Merknad	Anslag kommunal og lokal privat finansiering	Anslag statleg tilskot
Vangsnes sør	2016	I høve tidlegare prioritering (KS sak 019/13)	1.000.000,-	
Fresvik	2016	I høve tidlegare prioritering (KS sak 019/13)	2.180.000,-	
Mobildekning Seljadalen/Ovridsdalen	2016	2016	500.000,-	
Arnafjord	2016/2017	Søknad statleg tilskot i 2016. I høve tidlegare prioritering (KS sak 019/13). Høgt prioritert grunna omsyn til samfunnstryggleik	3.000.000	1.100.000,-
Tenål-Stadheim-Seljadalen-Ovridsdalen	2017/2018	Vert prioritert framfor Hopperstad-Hove-Bødalen grunna synergi med eventuell bedtring av mobildekning i Seljadalen/Ovridsdalen	1.000.000,-	900.000,-
Hopperstad-Hove-Bødalen	2018/2019		1.000.000,-	1.100.000,-
Vik sentrum-Eitreneset	2018/2019		800.000,-	500.000,-
Finden og strendene	2019/2020			200.000,-
Vik sentrum sør og vest	2019/2020			0,-

6.4 Intern samhandling

For at tenesteproduksjonen skal fungera effektivt og med god samhandling mellom tilsette, er me avhengig av gode og stabile fagsystem, kontorstøttesystem og elektroniske system for samhandling. I tillegg til at desse systema fungerer godt kvar for seg, er det effektiviserande å ha god integrasjon mellom system. Det er vidare eit vilkår for effektiv drift, at alle tilsette har god kompetanse på bruk av systema.

6.4.1 Status

IKT er i utstrakt bruk i form av ei rekkje fagsystem, kontorstøttesystem og samhandlingssystem internt i Vik kommune. Dei fleste systema fungerer tilfredsstillande kvar for seg, men nokre fungerer ikkje optimalt. Me manglar også ein del viktige integrasjonar mellom fagsystem som gjer at data ofte må registrerast fleire gonger, noko som er ressurskrevjande.

6.4.2 Mål

Vik kommune skal ha fagsystem, kontorstøttesystem og samhandlingssystem som er moderne, vel-fungerande og integrerte med kvarandre. Alle brukarane av systema skal ha tilfredsstillande kompetanse til å nytta systema.

6.4.3 Effektmål

Vel-fungerande interne system bidreg til effektiv drift og betre tenester.

6.4.4 Strategipunkt

- Vik kommune samarbeider med fylkeskommunen, andre kommunar og leverandørar om å levera desse tenestene på ein best mogeleg måte

6.4.5 Viktige handlingspunkt

- Vurdera byte av system som fungerer dårleg. Dersom det vert teke vedtak om kommunesamanslåing i kommunereform-saka, vert dette gjort i samanheng med samanslåinga
- Betra integrasjonen mellom systema
- Arbeida med kompetanseheving

6.5 Samhandling innan offentleg sektor

Gode elektroniske tenester for innbyggjarar og næringsliv må koma som resultat av samhandling mellom ulike einingar i offentleg sektor. Skal me lukkast med elektronisk samhandling i offentleg sektor, må me ta i bruk felles løysingar som set krav til utvekslingsformat og standardar. Vik kommune ønskjer å vera med på å utvikla gode felles IKT-løysingar og følgja dei føringar som er gitt frå sentrale styringsorgan.

6.5.1 Status

Vik kommune har teke i bruk offentlege felleskomponentar som autentisering via ID-porten til Difi, blant anna i politikarportalen og skjemaløysinga som kommunen nyttar. Andre døme på offentlege felleskomponentar kommunen har teke i bruk, er sikker digital post (SDP) til innbyggjarane utvikla av Difi, og EDU (elektronisk dokumentutveksling) utvikla av Fylkesmannen i Sogn og fjordane.

Kommunen har også teke i bruk elektroniske løysingar for meldingsutveksling innan helse-sektoren og e-resept for elektronisk overføring av reseptar til apoteka.

Effektiv bruk av ressursar og gode løysingar for innbyggjarane er dei viktigaste drivarane for samarbeid og samspel mellom ulike einingar i offentleg sektor. Som ein del av arbeidet med felles IKT arkitektur i kommunal sektor vert det arbeidd med å identifisera felleskomponentar som betre kan understøtta dei kommunale tenestene. Som eit døme på felleskomponentar me arbeider med, kan me nemna nye løysingar for eArkiv og elnnsyn. Her er Vik kommune, i samarbeid med Difi, Fylkesmannen i Sogn og fjordane, Vestlandsforskning og Fylkesarkivet, i ferd med å start opp prosjektet «Digitaliseringsfylket». Målet med dette prosjektet er å utvikla felleskomponentar for automatisk avlevering/deponering av elektronisk arkiv (eArkiv), felles elektronisk innsynsløysing (elnnsyn) og felles forbetra løysing for meldingsutveksling mellom offentlege etatar.

6.5.2 Mål

Vik kommune skal vera aktivt med å utvikla offentlege felleskomponentar, og skal ta slike komponentar i bruk etter kvart som dei vert tilgjengelege.

6.5.3 Effektmål

Offentlege felleskomponentar bidreg til betre elektroniske tenester for innbyggjarane og næringslivet.

6.5.4 Strategipunkt

- Me skal samarbeida med andre offentlege etatar om å identifisera, utvikla og ta i bruk felles elektroniske komponentar

6.5.5 Viktige handlingspunkt

- Ta i bruk nye felleskomponentar
- Fullføra prosjektet «Digitaliseringsfylket»
- Vurdera nye samarbeidsprosjekt

6.6 IKT i undervisninga

Den teknologiske utviklinga i samfunnet verkar inn på alle fag, og digital kompetanse må koma til uttrykk i alle skulefaga. Dette er ein konklusjon frå Ludvigsen-utvalet i NOU 2015:8. Ludvigsen-utvalet var nedsett av Kunnskapsdepartementet for å vurdera i kva grad skulen dekkar den kompetansen elevane treng i framtida. Fire nye kompetanseområde vert tilrådd som grunnlag for fornying av skulens innhald:

- Fagspesifikk kompetanse
- Kompetanse i å læra
- Kompetanse i å kommunisera, samhandla og delta
- Kompetanse i å utforska og skapa

Utvalet legg vekt på kreativitet innovasjon, kritisk tenking og problemløysing som kompetanseområde skulen bør bidra til at elevane utviklar. Utvalet ser på digital kompetanse som ein sentral del av fagområda i skulen, og grunnjev dette med den teknologiske utviklinga i samfunnet vårt. (Kjelde: <https://iktsenteret.no/aktuelt/ny-rapport-digital-kompetanse-viktig-i-alle-fag>)

6.6.1 Status

Vik kommune er landsleiande på STL-metoden (skriva seg til lesing ved hjelp av talesyntese) og har vore nominert til «gulleple-prisen» for dette arbeidet. Det vert jobba godt med denne metoden i småskulestega på alle 5 skulane våre.

Vidare er skulane våre tidleg ute, og langt framme, med å ta i bruk nettbrett i undervisninga. Feios skule har vore pioner i dette arbeidet, og har kome lengst med eitt personleg nettbrett til kvar elev. Resultata kreativiteten og engasjementet til elevane har gått i positiv retning etter kvart som kompetansen og bruksområda har vorte utvida. Dei andre grunnskulane følgjer etter i denne positive utviklinga, og me legg opp til å innføra nettbrett til kvar elev også i dei andre skulane.

Tradisjonell PC vert mindre brukt etter kvart som nettbrettet tek over, men framleis er det nokre oppgåver som blir løyst med bruk av PC.

Skulane i kommunen lagar sjølv detaljerte planar for bruk av IKT i undervisninga.

6.6.2 Mål

Elevane i kommunen skal ha eit digitalt tilbod som gjer dei i stand til å tileigna seg den digitale kompetansen framtida krev.

6.6.3 Effektmål

Digital kvalitet i grunnskulen er ein føresetnad for å byggja den digitale kompetansen elevane i kommunen treng for å møte krava frå arbeidslivet og samfunnet elles. Bruk av IKT-verktøy stimulerer til kreativitet, innovasjon, problemløysing samtidig som det krev evne til kritisk tenking.

6.6.4 Strategipunkt

- Vik kommune skal nytta IKT i alle fag for å byggja digital kompetanse
- Vik kommune skal følgja med på den teknologiske utviklinga og vera opne for å ta i bruk nye verktøy

6.6.5 Viktige handlingspunkt

- Innføra 1:1 nettbrett for alle skulane (eitt nettbrett pr elev)
- Syta for god samhandling og kompetanseoverføring mellom lærarane i kommunen
- Detaljplanlegging med eigne IKT-planar for oppvekstsektoren

6.7 Velferdsteknologi

Velferdsteknologi er eit fellesuttrykk for tekniske installasjonar og løysningar som kan betra den enkelte si evne til å klara seg sjølv i eigen bustad, og bidra til å sikra livskvalitet og vørnad for brukarane ([Kjelde: https://ehelse.no/velferdsteknologi](https://ehelse.no/velferdsteknologi))

6.7.1 Status

Kommunen har teke i bruk ei rekkje hjelpemiddel som gjer det mogeleg for funksjonshemma og eldre å bli buande i eigen heim framfor å flytta til institusjon. Døme på slike hjelpemiddel er tryggleiksalarmar, elektriske rullestolar, elektrisk automatikk på dører og vindauge installert i brukaren sin heim osv. I 2016

innfører kommunen også eit mobilt system som gjer det enklare for sjukepleiarane å følgja opp pasientane i eigen heim. Sjukepleiarane får no tilgang til pasientopplysningar og journal frå egne mobile einingar medan dei er ute hjå pasienten. Også daglege køyreruter vert lagt opp i systemet. Dette er med på å heva kvaliteten på pleietenestene levert ute i heimane til brukarane.

6.7.2 Mål

Kommunen skal ta i bruk velferdsteknologi for å sikra best mogeleg tenester i heimane der folk bur.

6.7.3 Effektmål

Betre tenester og effektivisert drift. Bruk av velferdsteknologi bidreg til at folk kan bli buande lengre der dei fleste ønskjer, i egne heimar. Velferdsteknologi fører til betre tenester, og vil truleg også vera kostnadsreducerande i høve å byggja fleire institusjonsplassar.

6.7.4 Strategipunkt

- Vik kommune vurderer å ta i bruk ny velferdsteknologi etter kvart som den vert tilgjengeleg
- Vik kommune bidreg til utvikling av ny teknologi om mogeleg. I alle høve melder me forbetningsforslag attende til leverandørane

6.7.5 Viktige handlingspunkt

- Vurdera ny teknologi etter kvart som den blir tilgjengeleg

6.8 Elektroniske tenester for innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv

Som ein del av forvaltningsmeldinga (Stortingsmelding 19, 2008-2009), er det etablert eit mål om digitalt førsteval. I dag gjer me det digitale i tillegg. Målet er at vi skal snu dette slik at det digitale blir førstevalet.

6.8.1 Status

Vik kommune har teke i bruk ei rekkje digitale tenester som til dømes, elektroniske skjema integrert mot sak/arkiv system, sikker digital postkasse til innbyggjarane, elektronisk politikarportal, elektronisk postjournal osv.

6.8.2 Mål

Kommunen skal bidra til å gjera dei digitale tenestene til førsteval.

6.8.3 Effektmål

Digitalisering av tenestene fører til meir effektiv drift og kostnadsreduksjon.

6.8.4 Strategipunkt

- Vik kommune nyttar, om mogeleg, elektroniske løysingar framfor papirbaserte og manuelle løysingar. Kommunen syter likevel for manuelle og papirbaserte løysingar der dette er naudsynt for heile eller deler av målgruppa

6.8.5 Viktige handlingspunkt

- Promotera digitale løysingar som til dømes sikker digital postkasse og elektroniske skjema

- Opplæring av eigne brukarar til å nytta elektroniske løysingar framfor papir og postgang